

## STEINEVENTYRET. Nitimekåseri.

Av Torgeir T. Garmo.

— Jøss! Grev de etter stein!?

Kroppen var tydelegvis sjokkert. Her hadde han teki seg ein fredeleg tur i skogen og brått kjem han over eit par unge landsmenn som grev i jorda så det sprutar og attpå til bankar på ein bergvegg så sveitten driv. — Nei, nei! Vi skulle nok itte begynt med denna velferdsstaten! Når folk itte har nok å gjera så tek dom til med all slags unyttig geskjeft: Tenk å samle på Stein, da gut!

Mannen kikka raskt på det vi hadde samla saman, men han fann tydelegvis ingen verdi i steinhaugen, og småbrummande for seg sjøl tusla han vidare innover i skogen.

Hadde han kikka nærrare på det vi fann, ville han kanskje ha sett at prøvene var litt ulike, og at det kanskje var i form for system i det vi samla. I alt finst det omlag 90 ulike grunnstoff på jorda, og desse har bunde seg saman på omlag 3000 ulike måtar eller »Mineral» som vi kallar bindingane. Nokre få av desse grunnstoffa finst reine (eller gedigne) i naturen slik som sylv eller svovel. Men vanelegvis er det 2 eller fleire grunnstoff i eit mineral, og dette blir skrivi med ein *kjemisk formel* som t.d.  $\text{SiO}_2$  = kvarts. Dette syner at det vanlege mineralet kvarts (= bergkrystall) er sett saman av 2 atomer surstoff (oksigen = O) og 1 atom av siliuum (=Si). Nokre av dei 90 grunnstoffa er det mykje av på jorda (t.d. jern og oksygen) andre er så sjeldne at dei er funne få stader (t.d. skandium).

I alt finst det omlag 600 ulike mineral demokratisk spreidde utover landet vårt. Noko ujamn er nok spreininga, og mest er det kanskje å finne på store pegmatittgangar der det tidlegare vart teki ut kvarts, feltspat og glimmer. Dette var serleg i Østfold, langs Sørlandskysten, i Evje/Iveland, i Drag i Tysfjord, men også

ved Krødern, i Stordal, Tresfjordfjellet o.s.v. I dei seinare åra har mange fine krystallar av kvarts/kalkspat/gips etc. vorte funne ved veganlegg på Vestlandet, t.d. Strynsfjellet, Valldal, Jølster, Stryn og Tafjord.

Interessen har vakse raskt, det er nå over 20 geologiklubbar. Desse klubbane har gått saman i Norsk Amatørgeologisk Sammenslutning som nå har over 2000 medlemar og gjev ut medlemsbladet NAGS-nytt. Dette kjem med 4 nummer i året og koster ein bagatell av Kr. 35,— for 1982.

Butikker som sel Stein o.l. og der ein kan få litt hjelp i ein startfase, finst på mange stader i landet, og nye kjem stadig til.

Det er tydeleg at steinsamling er ein raskt veksande hobby i landet vårt, og dette er knapt rart ettersom hobbyen kan dyrkast av både store og små, av einslege og heile familiær. Innsamlinga må helst bli på berr mark, men identifikasjon, preparering og oppsetjing i ei samling kan gjerast heile året.

Landet vårt er stort, og enda berre grovt geologisk kartlagt, derfor kan sjølv eventyret/nye, spennande oppdaginger vente på oss alle.

**BRUKT STEINSAG  
Ønskes kjøpt.**

**Roy Wolla  
Kringsjåvn. 61.  
2600 Lillehammer.**